



VANYLVEN KOMMUNE

Teknisk sektor

STRATEGIPLAN 2021 – 2024

- SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL)
- TILTAK I BEITEOMRÅDER
- DRENERING



	Saksnummer	2020/409
	Teknisk sektor	Dato 19.04.2021, oppdatert 06.05.2021
Vedtak	Driftsutvalet	Dato 26.04.2021 - sak nr 28 /21

Innhald

1. Bakgrunn.....	2
2. Organisering av arbeidet.....	3
3. SMIL-midlane.....	4
3.1 Utfordringar	4
3.2. Målsetting ved bruken av midlane	5
3.3. Behov for midlar i perioden	5
3.4. Aktuelle tiltak og prioriteringar i perioden.....	6
4. Tilskot til tiltak i beiteområder.....	7
4.1. Utfordringar	7
4.2. Målsettingar for bruken av midlane	7
4.3. Aktuelle tiltak og prioritering i perioden.....	7
5. Generelle vilkår for ordningane.....	8
6. Satsar - Tilskotssatsar	8
7. Søknadsfristar og handsaming	9

1. Bakgrunn

Forvaltning av økonomiske verkemiddel til miljøtiltak i jord- og skogbruk er overført til kommunane. Dette for å styrke det lokale sjølvstyret og å gje kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitikken i samanheng med andre samfunnsoppgåver (St.meld. nr 19 2001-2002 «Nye oppgaver for lokaldemokratiet»).

Sidan 2004 har kommunen hatt strategiplanar for tildeling av SMIL-midlane. Denne 5.planen vert for 4 årsperioden 2021-2024. Ordninga med «tilskudd til tiltak i beiteområder» vart overført frå Fylkesmannen til kommunen med verknad frå 01.01.2020, og vert no ein del av planen. Planen avløyser tidlegare planer og retningsliner for ordningane. Tilskot til drenering vert fastsett sentralt, lokale retningsliner gjeld berre søknadsfrist og behandling. Tidlegare gjaldt strategien også NMSK-midlane (skogbruksmidlane), men dei får eigne retningsliner.

Midlane skal forvaltast i samsvar med forskrifter og tilhøyrande rundskriv frå Landbruksdirektoratet:

Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket - (SMIL)

Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder

Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord.

Formålet med SMIL-ordninga er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap, og redusere ureininga frå jordbruket. Tilskotet er for tiltak som går utover den vanlege jordbruksdrifta.

Formålet med tilskot til tiltak i beiteområde er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr i utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda.

Kommunen skal fastsette lokale retningsliner innafor ramma av forskrifter og rundskriv, med lokale mål og retningsliner for prioritering av søknadar. Dei skal utarbeidast i dialog med statsforvaltaren og næringsorganisasjonane i jordbruket lokalt.

2. Organisering av arbeidet

I samband med utarbeiding av ny strategiplan fekk faglaga/ næringsorganisasjonane planforslaget på høyring.

Representantar for desse faglaga/ næringsorganisasjonane har hatt høve til å uttale seg:

Vanylven og Sande bondelag, Ane Malene Søvik Nygård

Rovde bondelag, Paul Sindre Vedeld

Vanylven bonde- og småbrukarlag, Audun Kvalsvik

Vanylven sau- og geiteavlslag, Reidun Rolandsen Berge

Vanylven beitelag, Reidun Rolandsen Berge

Endringar frå førre plan:

Førre plan gjaldt til og med 2021, men kommunen ser at den må fornyast på grunn av endringar i regelverk og behovet for endra satsar. Nabokommunane Sande og Herøy har også ny strategi for 2021-2024, og det kan vere praktisk å ha same planperiode.

Ifølgje sentrale forskrifter må kommunen prioritere tiltak med god miljøeffekt og sørge for ein aktivitetsfremjande forvalting. Klimatilpassing erekna hydrotekniske tiltak skal prioriterast der behova er store. Tiltak for pollinerande insekt og trua natur bør også vektleggast.

Ordninga «tiltak i beiteområder» vert no lagt inn i same plan, etter råd frå landbruksdirektoratet.

Ein følger elles hovudlinene frå sist plan, men satsane vert justert opp for alle ordningar, for å stimulere til fleire tiltak.

Vanylven og Sande bondelag meiner kommunen bør synleggjere moglegheitene med ordninga, slik at ein får mest mogleg søknader – og dermed nytte ordninga fullt ut. I ein landbrukskommune som Vanylven burde det vere nok potensielle tiltak for t.d. forvaltninga av kulturlandskapet.

Dei vil ha oppdatert skildring av tilskotssatsar, og viser til Sande kommune sin plan, mellom anna med lågare sats for bygningar (30% eller meir i særlege tilfelle).

Kommentar: Vi tek med under punkt om søknadsfrist at kommunen aktivt må synleggjere ordninga. Satsane er stort sett lik Sande sine. Vi har høgare for bygningar (inntil 70%, avhengig av tal søknader) grunna ny kulturminneplan i 2021, ønske om meir bevaring og betre kvalitet på arbeidet (innleigd arbeidskraft).

Vanylven bonde- og småbrukarlag syns planforslaget er bra. Dei er samde i at tilskotssatsane bør/kan aukast, fordi mange leiger hjelpt for å få jobbane gjort. Dei ønsker også tilskot til fjerning av piggråd, slik som i andre kommunar (Herøy), og fjerning av ugras.

Vanylven sau- og geiteavlslag og Vanylven beitelag viser til at medlemmar får leige radiobjeller frå Møre og Romsdal sau og geit, med ein kostnad på 300 pr. Alternativet kan vere at beitelaget søker om innkjøp, dersom ein får tilskot og det vert rimelegare. Dersom det er rikeleg med SMIL-midlar kunne ein også prioritere ekstra nedkjemping av ugras.

Kommentar til begge: Vi legg til fjerning av piggråd, og ekstra nedkjemping av ugras under prioriterte tiltak.

Statsforvaltaren har fått eit utkast av planen, og ser at planen ikkje innskrenkar eller utvidar forskriftas formål, virkeområde og vilkår. Dei minner om spesifisert skilje mellom hydrotekniske tiltak i SMIL-ordninga og i ordning for dreneringstilskot, etter rettleiing frå landbruksdirektoratet. Dei minner også om at tilskot til årleg stell av biologisk mangfald normalt vert gjort i ordninga Regionalt miljøtilskot (RMP), men at investeringstiltak kan vere med. Fireårige planar er vanleg, og gjev ei fast rullering som sikrar at retningslinene er i tråd med gjeldande utfordringar og ønska prioriteringar i kommunen. Det vil også vere tilpassa ein politisk valperiode. «Regionalt miljøprogram» er også fireårig, og desse ordningane bør følgje kvarandre på ein brukbar måte.

Kommentar: Vi har spesifisert ordlyden slik at det er tydlegare kva som kan få SMIL-tilskot.

Driftsutvalet i kommunen skal godkjenne strategiplanen.

Forvaltninga av tilskotsordningane er delegert til den administrative landbruksforvaltninga i Teknisk sektor.

3. SMIL-midlane

3.1 Utfordringar

Generelt

Vanylven er ein stor landbrukskommune med 25000 dekar jordbruksareal. Totalt er det over 600 landbrukseigedomar i Vanylven. Innbyggartalet er ca 3100.

Strukturendringane i jordbruket går frå mange små bruk til færre, men større bruk i drift. I 2020 var det vel 90 aktive bruk med stort og smått. Av desse var det om lag 25 mjølkebruk, dei største driv 10-15 bruk som leigejord. Her er ca 4000 vaksne sau og aukande tal med kjøtproduksjon med ammekyr.

Vi ser at mindre bruk, og eigalar som ikkje driv sjølv, kan ha meir tid og interesse for istandsetting av gamle bygg, steingardar og anna.

Kulturminne

I samfunnssdelen av kommuneplanen minner ein om at kulturminne er ein ikkje-fornybar ressurs som det er viktig å ta vare på ved forvaltning og planlegging i kommunen.

Vanylven kommune har nyleg (2021) godkjent kulturminneplanen «Kulturarv». I handlingsdelen 2021-2023 er hovudmåla å utvikle kulturarven som ein ressurs i lokal samfunnsutvikling, og bidra til ivaretaking og utvikling av minst tre tiltak i planperioden. Nokre kulturminne er spesielt prioritert. Mange av dei omtalte kulturminna ligg på gardsbruk og kjem derfor inn under SMIL-ordninga.

Tiltak i kulturminneplanen:

- Prioritere midlar til kulturminner i ny SMIL-strategi
- Bruke SMIL-strategien til å motivere eigalar til å sette i stand, bevare og synleggjere kulturminner.

Vi har mange nyare tids kulturminne (bygd etter 1537) som står til forfall. Det kan haste med tiltak for å bevare dei. Steinhus er spesielt for Vanylven, og her er mange andre Sefrak-bygg (bygd før 1900) som bør ivaretakast.

Steingardane våre utgjer også viktige kulturminne og linjer i landskapet, med ein funksjon som eideomsgrense eller gjerde.

Kulturlandskap og biologisk mangfald

Bygningane, jordbruksareala og naturen rundt garden dannar eit kulturlandskap og landskapsbilete som stadig er i endring. Det vert over generasjonar forma gjennom eit samspel mellom menneske, dyr og natur. Når gardsdrift og beiting tek slutt, gror jordbruksareala raskt til med ugras og skog. Kulturlandskapet speglar driftsformene og den gjeldande landbrukspolitikken.

I gjeldande kommuneplan i Vanylven (-2020) står det at det er ei målsetting at kulturlandskapet vert stelt og halde i hevd, og at det vert teke omsyn til dei historiske landskapsstrukturane og viktige busettingsmønster. Og at alle tilgjengelege verkemiddel skal nyttast for å hindre attgroing av kulturlandskapet. Biologisk mangfald må gjerast kjent og ivaretakast.

Tiltak i kulturlandskapet skal fremje kunnskap, oppleveling og bruksverdiar gjennom skjøtsel, utbetring og istandsetting. Stell av kulturlandskap krev innsats frå grunneigarane, der aktiv landbruksdrift er ein føresetnad for å halde det i hevd.

Ugrastyring er eit forsømt felt, spesielt der jord vert lite brukt. Vi ser at knappsvi, høymole, syregras og soleie breier om seg, der drifta er svak. Ekstra nedkjemping av ugras kan vere aktuelt enkelte stader.

Biologisk mangfald, artar som er raudlista og sjeldne, er gjerne avhengig av tilpassa beiting eller slått. Pollinerande insekt er avhengig av blomstrandane vekstar.

Investering for re-establering av gamal slåtte- og beitemark er eit tiltak innafor SMIL. Slåttemark kan ivaretakast gjennom spesiell sein slått (etter blomstring), slåing med letter reiskap, hesjing eller bakketørking. Dette gjev rett til regionalt miljøtilskot til årleg skjøtsel. Det same gjeld stell og beiting av kystlynghei.

Gamle beite vert best stelt med beiting. Dyrevelferdskrav gjer det også aktuelt med meir og betre beite, som må ryddast og gjerdast inn. Det trengst fleire dyr både på innmarks- og utmarksbeite for å hindre den stadige attgroinga. SMIL-ordningane innanfor tradisjonell bruk er derfor viktig for å motverke gjengroing og tap av areal.

Å opne gamle stiar/lage nye gjennom kulturlandskapet og gjøre det attraktivt for ferdsel er eit anna tiltak. Det kan vere spesielt aktuelt der ein har utsiktpunkt og kulturminne. Rydding av utsiktpunkt, grinder, grusing, skilting og rastelassar kan vere aktuelle tiltak. Gjerne aktuelt som samarbeidsprosjekt mellom fleire aktørar, som vil gje auka trivsel i bygdene på fleire vis.

Piggtråd er ikkje lov å bruke i husdyrhald lenger. Men det ligg mykje gamle gjerde med piggtråd i utmark, som kan vere til skade for både dyr og menneske. SMIL-midlar kan bidra til raskare fjerning av desse.

Tiltak mot ureining – Avrenning til vassdrag/kyst, utslepp til luft

Tyngre traktorar og maskiner, kombinert med større og meir intense nedbørsmengder, gjer at behovet for hydrotekniske tiltak aukar. Tilsot til hydrotekniske tiltak under SMIL-ordninga skal først og fremst vere utbetring av skader på eksisterande anlegg, utover vanleg vedlikehald, for å redusere erosjon og avrenning av jord og næringsstoff. Vanleg drenering av jordbruksareal, og avskjæringsgrøfter i samband med dette er ikkje SMIL-tiltak, og må vurderast etter ordninga «Drenering av jordbruksjord».

SMIL-midlar kan også brukast til endra driftsopplegg, bygningsendringar eller oppsamlingsanlegg/ reinseanlegg. Lagerplass med drenering for rundballar er aktuelt. Det same gjeld oppsamling av avrenning frå utekve. Rundballeplast er ei ureiningskjelde om det kjem på avvegar. Tak på utelager for gjødsel kan hindre avgassar.

3.2. Målsetting ved bruken av midlane

- **Gje mulighet til auka jordbruksproduksjon**
- **Motverke attgroing og tap av biologisk mangfald**
- **Fremje beitebruk**
- **Redusere risiko for erosjon og overflateavrenning til sårbare vassdrag**
- **Hindre ureining frå jordbruket frå areal, før- og gjødsellager**
- **Hindre forfall og sette i stand eldre, verneverdige bygningar**
- **Ta vare på viktige kulturminne og kulturmiljø, og andre element i kulturlandskapet.**
- **Tilrettelegging for ferdsel og opplevelingar i kulturlandskapet.**
- **Fjerne piggtråd frå inn- og utmark**

3.3. Behov for midlar i perioden

Kommunane får kvart år tildelt ei ramme frå Statsforvaltaren etter tal aktive gardsbruk, tal landbrukseigedomar, areal i drift, innmeldt behov og aktivitetsnivå og resultatnivå siste 2 år.

For 2021 har Vanylven kommune blitt tildelt kr. 300 000 i SMIL-midlar.

Vi har brukt rundt kr 350 000 pr. år siste 10 åra, inkludert inndratte midlar. I 2020 fekk vi 500 000, men på grunn av mindre søknader og at vi sjølv har satt maks tilskotssats på 35-40% vart 190 000 ikkje brukt.

Midlar til prosjekt som ikkje vert gjennomført/oppstarta/utbetalet innan tidsfristen kan brukast til andre prosjekt i kommunen same år. Midlar som ikkje vert brukt går tilbake til Statsforvaltaren.

Tilskotet bør vere utslagsgjenvende for at gode tiltak vert gjort. Og behov og tildeling bør harmonere. Etterspurnaden har vore stor i mange år, og midlane har vore brukt til mange gode prosjekt. Men for at flere skulle få har kommunen tidlegare satt ned maks sats for tilskot frå 70% til ca. 35% av kostnad. No ser vi at eigendelen vert for stor for mange, og tiltak vert ikkje sett i gong eller søkt om. Det er behov for meir innleidd arbeidskraft enn før, og det kostar meir enn eige arbeid. Spesielt ser vi dette på verneverdige bygg, men også på gjerdning. Behovet for midlar til kostbare tiltak som hydroteknikk og rundballelagring vil truleg auke. Dette vil vise at det er behov for meir midlar i åra som kjem, i storleik 500 000 - 1 000 000.

3.4. Aktuelle tiltak og prioriteringar i perioden

Ein kan gje støtte til følgjande tiltak i perioden (ikkje prioritert rekkefølge):

A. Kulturlandskapstiltak/biologisk mangfold:

- Biologisk mangfold (eks. registrerte naturtypar, pollinator-venlege tiltak, fjerning av skadelege artar og ekstra nedkjemping av ugras utover normalt vedlikehald)
- Gamal kulturmark (Eks. re-establering av innmarksbeite, tiltak som fremjer beiting)
- Kulturminne-/miljø (sjå kulturminneplanen «Kulturarv»)(eks steingardar, rydningsrøyser, bakkemurar)
- Restaurering av verneverdige bygg i inn- og utmark (sjå kulturminneplanen «Kulturarv»)
- Tilgjenge/opplevingskvalitet (eks stiar, gamle vegfar, stiar, klopper, vad, bruer, rastepllassar, utsikt)
- Fjerning av piggtråd

B. Tiltak mot ureining:

- Hydrotekniske tiltak (Eks. Reparasjon av øydelagte kummar og rørutløp, opning eller renovering av lukka bekker/kanalar, reparasjon av avskjeringsgrøfter, sikringstiltak som flomsikring og plastring av mindre vassløp, behov for auka kapasitet og liknande tiltak. Tiltaka kan gjennomførast på jordbruksareal og/eller i vassløp. Det gjeld ikkje tiltak som er ein del av større dreneringsarbeid (eiga tilskotsordning).
- Vegetasjonssoner/klimaplantingar/leplanting
- Lagerplass for rundballar
- Mindre utbetring av gjødsellager (eks tak på ute Lager)
- Fangdam/reinseanlegg
- Oppsamling av avrenning av utekve
- Oppsamling av jordbruksplast

C. Planleggingstiltak

- Områdetiltak og andre fellestiltak

Ved prioritering av søknadane vil kriteria nedenfor vere avgjerande:

- Fellestiltak går framfor enkelttiltak
- Tiltak som vil auke jordbruksproduksjonen
- Tiltak som gir størst nytte og ringverknad
- Ved rydding/skjøtsel av gamal kulturmark vert areal som ikkje får produksjonstilskot prioritert framfor areal som allereie får produksjonstilskot
- Ferdselstiltak i jordbruket sitt kulturlandskap vert prioritert framfor ferdselstiltak i utmark.
- Tiltak med klimaeffekt har prioritet (sjå klimaplanen i kommunen)
- Verneverdige bygningar og andre tiltak som er med i kulturminneplanen for Vanylven blir prioritert.
- Ved prioriteringa skal ein også vurdere verdien på tiltaket utifrå naturmangfaldlova
- Det vert normalt ikkje gitt SMIL-tilskot til innkjøp av maskiner eller anna laust teknisk utstyr

4. Tilskot til tiltak i beiteområder

Denne ordninga gjeld for beitelag, andre lag og foreiningar og enkeltbrukarar som er åleine att i eit beiteområde.

4.1. Utfordringar

Vanylven har store beiteressursar i utmark på fjellet, og bruk av utmarksbeite er tradisjon i området. Dei fleste gardsbruk er sikra beiterett i felles utmark gjennom gamle jordskifte og avtalar. Utmarksbeite kunne vore mykje meir brukt enn i dag, som miljøvennleg og rimeleg driftsform for kjøtproduksjon. Men det er mindre beitedyr på fjellet enn før, og klimaendring gjer at lågare fjellområde gror att med skog og einer. Vi har også førekommstar av kystlynghei, men det er lite att av gamle tradisjonar med å skjøtte desse, til eksempel lyngbrenning. Siste åra vert det gjeve ekstra produksjonstilskot/regionalt miljøtilskot til dyr som beiter i utmark og i kystlynghei, for å stimulere til auka bruk.

Hovudutfordringa er manglende utmarksgerde, som gjer at dyra kjem ned på innmark og i andre bygder. Det er grunneigarane som skal halde gjerder på kvar sin eigedom, men dette vert ikkje overhalde. Dette medfører ekstraarbeid og konfliktar for dei dyreeigarane som er att.

Andre utfordringar er at mange område har mykje alveld på sau, som gjev høge lammetap. Flått er også eit aukande problem, som gjer dyra sjuke. Små lam og sjuke dyr kan vere utsett for angrep frå rev, ramn og ørn. Lause hundar kan også vere eit problem. På fjellet er det også dårlig dekning for mobilsignal, som gjer at sporingssystem (eks radiobjeller) på dyra ikkje alltid verkar så godt. Sankekve og gode sperregjerde gjer bruken enklare, og bruer og driftevegar lettar tilsyn på utmarksbeite.

4.2. Målsettingar for bruken av midlane

- Fremje bruk av utmarksbeite til husdyr
- Fremje fellestiltak i beiteområda
- Redusere tap av dyr på utmarksbeite

4.3. Aktuelle tiltak og prioritering i perioden

- Gjerdetiltak som vil fremje bruken av utmarksbeite
- Tiltak som vil lette sanking og tilsyn i utmark, også elektronisk overvaking
- Tiltak som vil hindre tap av dyr

Ved prioritering av søknadane vil kriteria nedanfor vere avgjerrande:

Fellestiltak vert prioritert før enkelttiltak.

Formålstenelege tiltak for utmarksbeitinga i kommunen skal prioriterast.

Ved prioriteringa skal ein også vurdere søknadane ut frå naturmangfaldlova og registreringar i Naturbase og Artskart. Andre brukargrupper av utmark bør høyrast ved planlegging og gjennomføring av større tiltak.

Det kan mellom anna gis tilskot til:

Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt som til eksempel: ny organisering av beitelag og utmarksområde, prosjekt for stimulering til auka beitebruk og rasjonell utnytting av beita, tidsavgrensa utprøving av nytt utstyr for effektiv beitebruk, arbeidning av planar (beitebruksplan, tiltaksplan m.m.), planlegging og prosjektering av faste installasjonar, vegetasjonskartlegging.

Investeringstiltak som sperregjerde, ferister, bruer, sanke- og skilleanlegg, anlegg/drift/utbetring av driftevegar, elektronisk overvakningsutstyr (lammenoder, radiobjeller, merkeavlesarar, Findmysheep, droner mv.), elektronisk gjerde (Nofence mv.).

5. Generelle vilkår for ordningane

Kven som kan søkje tilskot vert regulert av sentral forskrift. Vidare ligg forskrifter til grunn for all handsaming av søknadane. Ein vil framheve følgjande sentrale og lokale vilkår:

- a. Tiltak må utførast tilfredsstillande og investeringane må haldast innafor ei forsvarleg ramme.
- b. SMIL-tilskot kan løvvast til tiltak som er ut over det som vert forventa av vanleg jordbruksdrift. Ordinært vedlikehald gjev ikkje grunnlag for støtte. Tiltaka skal krevje ekstra innsats og kostnad.
- c. For bygningsarbeid på verneverdige bygg skal ein nytte fylkeskonservatorens rettleiing «Råd om istandsetting av eldre hus». Ein skal skifte ut minst mogleg.
- d. Ein kan ikkje gje tilskot til freda bygningar, men til verneverdige bygningar.
- e. Bygg som framleis står har prioritet framfor bygg der berre murar/tufta er att.
- f. Det vert ikkje gitt tilskot til gjerde med piggtråd. Gamle gjerde og piggtråd må fjernast ved oppsettning av nytt.
- g. Det vert normalt ikkje gitt tilskot til oppstarta eller ferdige tiltak.
- h. Det vert ikkje løvd tilskot til arbeid med gravemaskin ved rydding/skjøtsel av gamal kulturmark
- i. Søkjar vert ikkje prioritert om ein har uavslutta søknader/prosjekt frå tidlegare
- j. Normalt er arbeidsfristen tre år, med muleg forlenging for inntil to år dersom arbeidet er starta.
- k. Innvilga tilskot vert utbetalt etter skriftlig melding frå søker, med rapport, rekneskap og gjerne foto av tiltaket. Det kan delutbetalast inntil 75% på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som deler tiltaket vert utført.
- l. Løyving kan samordnast med andre tilskotsordningar, slik som Kulturminnefondet, Miljøverntilskot frå Statsforvaltaren og regionalt miljøtilskot. Kommunen bør rettleie om mulighetene til å søkje fleire ordningar.

6. Satsar - Tilskotssatsar

Satsar for eigeninnsats	
Verdi per time eigeninnsats	Kr 350
Verdi per time med motorsag/ryddesag	Kr 400
Verdi per time med traktor	Kr 550
Verdi per time med gravemaskin	Kr 800
Satsane er lik satsane til innovasjon Norge. Dersom Innovasjon Norge skulle justere satsane i planperioden vert satsane ovanfor justert tilsvarande.	
Tilskotsgrunnlag – kostnadstak	
Ved rydding /skjøtsel /gjerding av gamal kulturmark og re-etablering av beite vert det sett eit tak på kostnaden pr. dekar.	Maks kostnad kr 3300 pr da
For å fordele tilskot til flest mogleg prosjekt, set ein eit øvre tak for kostnadsoverslag pr. prosjekt.	kr 200 000.
Tilskotssats av godkjent kostnadsoverslag:	
SMIL- tiltak (unntatt naturtypar)	Inntil 70% tilskot
SMIL-tilskot til sikring av registrert naturtypar	Inntil 100 % tilskot
Tiltak i beiteområder, investeringstiltak	Inntil 50%
Tiltak i beiteområder, planleggings- og tilretteleggingsprosjekt	Inntil 70%
Tiltak i beiteområder, innkjøp av elektronisk overvakningsutstyr (for inntil 50% av dyretalet i beitelaget/buskapen)	Inntil 70%
Maksimale satsar vil bli endra i samsvar med endringar i forskrifter. Tal søknader vil påverke tilskotssatsen, men ein kan rekne med minst 40%.	

7. Søknadsfristar og handsaming

Søknadsfrist og handsaming for SMIL-ordninga og tilskot til drenering:

Søknadsfrist 1.februar (2021: 1.juni).

Søknader som kjem inn til fristen vil ha 1.prioritet. Søknader som kjem inn etter fristen vert handsama dersom ein har ledige midlar etter hovudtildelinga. Dersom ikkje alle midlane vert løyvd, kan ein ha ein ny søknadsfrist på hausten. Om ein ikkje har nok midlar vil søker få avslag, og ein må eventuelt søker på nytt neste søknadsomgang.

Det skal nyttast digitalt søknadsskjema som ein finn på landbruksdirektoratet.no. Søknaden skal ha nødvendige vedlegg som kart, teikningar, bilete, avtalar, fagleg vurdering m.m. Ved behov vert det teke synfaring.

Søknadsfrist og handsaming for tiltak i beiteområder:

Søknadsfrist 1.februar.

Søknader som kjem inn til fristen vil ha 1.prioritet. Søknader som kjem inn etter fristen vert handsama dersom ein har ledige midlar etter hovudtildelinga. Dersom ikkje alle midlane vert løyvd, kan ein ha ein ny søknadsfrist på hausten.

Felles for alle ordningane

Kommunen må sikre at tiltak som får tilskot ikkje er i strid med anna lovverk, slik som naturmangfaldlova og kulturminnelova. Ordningane og skal annonserast i lokalavisa Synste Møre og på eigne nettsider 3-4 veker før fristen. Kommunen skal aktivt synleggjere ordninga i samband med annonseringa og elles.

Søknadane vert handsama og vedtekne som enkeltvedtak etter delegert mynde. Det er kommunen som behandler søknaden, skriv vedtaksbrev og utbetalet tilskot gjennom den elektroniske sakshandsamarløysinga Agros. Alle brev som gjelder søkeren vil bli sendt til søkerens via Altinn.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er klageinstans.

Løyvingane vert referert for Driftsutvalet og kan kunngjera på nett.

For å få innvilga tilskot er det krav om at tiltaket skal gjennomførast på ein landbrukseigedom i drift.

Eigarar som ikkje sjølv driv areala, kan søker om tilskot dersom det vert drive tilskotsberettiga jordbruksproduksjon på eigedomen. Den som leiger arealet kan også søker om tilskot med godkjenning frå eigar.

Ein kan søker om tilskot til enkeltståande tiltak eller til større tiltak for fleire aktørar og/eller eigedomar. Om søkeren gjeld fellestiltak skal ein deltar stå som ansvarlig søker og sende søkeren på vegne av alle deltarane, med skrifteleg fullmakt.

Sjå meir informasjon om ordninga på www.landbruksdirektoratet.no

Forskrifter:

SMIL: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-02-04-448?q=spesielle%20milj%C3%B8tiltak>

Beiteområde: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2013-02-04-206?q=beiteomr%C3%A5de>